



Bjarne Hervik

- småbrukar og sosialist

SVEIN IVAR LANGHELLE

«Arbeidsforholda på Makadamverket på Borgøy var slik at eg har lurt på om det var verre i Sachsenhausen. Løna var elendig og utilstrekkeleg, folk hadde svært lite igjen. LO-sekretær Adolf Olsen kom frå Stavanger og forsøkte å laga fagforening». Bjarne Hervik var med på dette forsøket, men «då fekk eg beskjed om at eg var oppsagt, for skulle dei ha fagforening så kom eigarane til å leggja ned verket. Dette var i 1929 at eg blei jaga frå bedrifta. Folk blei redde, og foreninga kom ikkje i gang, slik at det skulle gå mange år før dei prøvde på nytt med forening. Seinare kom det ein ny ingeniør som ikkje kjende meg, og eg blei tilsett på ny. Så blei eg sparka for godt, saman med Albert Heskja».

Bjarne sin reaksjon på å få sparken var at det var berre å reisa heim og begynna å arbeida på garden. Men han blei endå meir radikal enn før. Det var ikkje alle som syntest så synd på han, for han var heldig som hadde noko å gå til. Mange sympatiserte likevel med han og syntest dette var

rart. «Han far reagerte jo veldig på dette, men så sa han også at det er di eiga skyld, du må ikkje stella deg slik at du blir oppsagt».

«Målet var å få seg ei ku, for då var ein bonde»

Bjarne Hervik var fødd 1911 i Hervik i det som den gongen blei kalla Ryfylke. Han var einaste barnet til ein bonde, foreldra var Bjørn og Malene. Faren levde av garden og dreiv i tillegg fiske, slik det var vanleg i Hervik i dei tider. Bjarne hadde lyst å bli journalist, men det var naturleg og forventa at han skulle ta over farsgarden. Det gjorde han i 1940, etter å ha vore postopnar frå 1937.

Den gongen hadde Hervik Stavanger som «sin by». Nå seier me heller at Hervik ligg i Nord-Rogaland, og «byen» har for lengst blitt Haugesund. Heile tida har Hervik lege i Tysvær, men det har ikkje vore same «Tysvær». «Tidlegare Tysvær», som Bjarne var fødd inn i, blei i 1965 slått saman med heile Nedstrand, den søre delen av

Skjold, den austre delen av Avaldsnes samt små bitar av Vats og Vikedal. Den nye kommunen fekk også namnet «Tysvær». Bjarne sat i kommunestyret både i «gamle» og «nye» Tysvær.

Hervik var jamt over prega av små kår. Dei fleste hadde litt jord, men denne kunne dei verken leva eller døy av. Den gav nok mykje av maten, men lite av det dei trong av pengar. Dei skaffa seg difor andre inntekter, som av fiske, sjøfart, fraktefart eller anleggsarbeid. Eller av steinarbeid. Men det var viktig å ha eiga jord, fortel Bjarne, for med eiga jord var ein bonde. Det gav status, og ein var noko meir enn dei som var utan jord. «For dei fleste var dette målet i livet, å kunna kalla seg bonde og ha eiga jord. Det var ein del av levemåten. Målet var å få seg ei ku, og det var eit nokså viktig mål».

Det var steinhoggarane som tende gnisten

Radikalismen kom til Hervik med steinhoggarane, mange av dei svenske og elles frå Fredrikstad-området. Det starta i 1912, og dei arbeidde med å hogga ut stein til gater og kantar. Mykje gjekk til Stavanger, men også til Danmark, London, Amsterdam og Brüssel. Desse steinhoggarane skilde seg gjerne ut frå folket elles ved at dei var ganske radikale, og dei selde også radikale skrifter til folk. Dette var særleg mot slutten av 1920-åra. Elles markerte dei ikkje sine standpunkt så mykje overfor bygdefolket, men glei på ein måte inn i miljøet.

Bjarne var kjend med sosialismen gjennom skriftene som steinhoggarane hadde selt, men det var vinteren 1928 som blei avgjerande for utviklinga hans. Bjarne gjekk då på folkehøgskule.

I 1927 hadde Arbeidarpartiet blitt samla, og same året vann partiet heile 37 % av røystene på landsplan. For første gong blei dei også representerte frå landkommunane i Rogaland, med fabrikkarbeidar Emil Aase frå Høyland, medan dei før berre hadde hatt representantar frå byane i fylket. Christopher Hornsrud danna den første Arbeidarparti-regjeringa i landet, ei regjering som blei innsett 28. januar 1928 og kasta alt 15. februar same året.

Denne første AP-regjeringa var noko nytt og spennande for både land og folk og ikkje minst for oss ungdomar, fortel Bjarne. At regjeringa var ved makta berre nokre veker, var med og gjorde at klassen på folkehøgskulen blei svært interessert i denne regjeringa. Dette var noko nytt, og dei såg at det begynte å bli dårlege tider med arbeidsløyse. Dei såg at det blei gjort forsøk med noko nytt, men så blei det rive ned igjen. «Denne regjeringa ville me sjå igjen. Då gjekk eg inn i aktiv politikk for å få ei ny regjering. Men nokon sosialist hadde eg ennå ikkje blitt, for eg hadde ikkje hatt tilgang på litteratur eller noko den gongen, slik at eg ville blitt det. Det som greip meg var at dette var noko nytt som eg ville arbeida for. Det største behovet var dette meiningslause at ungdommen gjekk arbeidslaus».

Bjarne fortel at «etter at eg begynte å studera dette og fekk lesa litteratur om arbeidarrørsla og sosialismen, så gjekk det meir og meir opp for meg at dette ikkje berre representerte det reint materielle, som arbeidsløyse og alt som fylgde med, men også noko nytt både kulturelt og ikkje minst litterært. Dette fengde meg og var grunnen til at eg gjekk i den retninga». Han ville likevel understreka at det var møtet med steinhoggarane som var det som gav



AUF i Hervik i 1936. Bjarne Hervik står heilt til venstre. Foto: Privat.

gnisten til det og starten på hans eigen veg til å bli sosialist. «Far min var Venstre-mann og hamna seinare i Bondepartiet. Så det er ikkje utenkjeleg at utan steinhoggarane så hadde eg hamna i Senterpartiet og blitt der med mitt vanlege bondesyn».

Han fortel at dei fekk arbeidarpartilag i Tysvær i oktober 1933 og arbeidarungdomslag (AUF) året etter. Partilaget blei alt stifta i 1927, men hadde gått litt i dvale. I mange år var han formann for AUF i Tysvær. Laurits Heskja, som hadde vore snekker i Haugesund, var viktig i det lokale

partiet. Det same var sønene hans, Albert og Tormod, saman med steinhoggaren Bernhard Lindberg. Denne Lindberg blei seinare gripen av Brockmann-rørsla, slik mange gjorde i den tida. Ein annan som var sentral var Jonas Vågen, som også hadde vore snekker i Haugesund. Sonen hans, Nils Vågen, var også med. Bjarne kjende ikkje til oppslutning om Arbeidarpartiet andre stader i Tysvær enn Hervik-området. Dei forstod at det også måtte ha vore bønder som stemde AP, men dei fekk ikkje greie på kven desse kan ha vore.

Forholdet mellom arbeidarrørsla og dei andre var «i orden», og dei var vener og hadde omgang med kvarandre, men dei andre «lika forferdeleg lite den verksemda vår». Dei kunne til dømes seia at «du er spinn galen». Det var ein gong dei snakka om alderstrygd, og då var det ein som sa «du må forstå det, du vil ha alle på fattigkassen du, dersom det går slik du vil». Men dei var framleis vener og gode naboar. Det var likevel spesielt ein familie, eller kanskje to, som arbeidde aktivt imot dei.

Sosialistane heldt møte i bedehuset

Ved valet i 1930 var det fleire som hevda at om Arbeidarpartiet kom til makta, så ville Norge bli avkristna. Når det galdt Hervik, så var det nok nokre som lurte på korleis det stod til med kristendommen hjå dei som var med i arbeidarrørsla, men Bjarne meinte at «dei kunne ikkje seia at me var meir ukristne enn andre, så dette fekk me aldri slengt etter oss».

Det kristenlivet som har vore i Hervik-krinsen, har stort sett vore eit roleg og fordrageleg kristenliv, meiner Bjarne Hervik. «Dei har alltid vore liberale». Arbeidarrørsla fekk alltid låna bedehuset til politiske møter, sjølv om den radikale delen av det politiske livet ikkje alltid var velsett i dei krinsane som styrte bedehuset. «Det var slett ikkje alle stader dei fekk lov til det. Bedehuset stod fritt, og desse indremisjonsfolka frå denne krinsen var liberale og gode naboar og gode å ha med å gjera».

Her må historikaren skyta inn at Hervik-bygda og området nordover til Skjoldastrauen hadde ei anna religiøs historie enn andre deler av Tysvær. Ytre delen av Skjolda-

fjorden hadde vore kvekarane sitt sterkaste område, der ein stor del av folket i si tid sympatiserte med eller støtta kvekarane.. Området lengre vest, kring Førlandsfjorden, var derimot haugianarane sitt kjerneområde, med eit strengare syn på kva som var syndig og mindre ope for andre syn enn sitt eige. Slik hadde det vore i tida fram mot 1850, og det sette eit visst preg på bygdene i lange tider etterpå. Jonas Vågen var til dømes son av kvekaren Nils Vågen, som i 1870 blei dømd til 40 dagar fengsel for å nekta militæret. Nå var både son og soneson av den gamle kvekaren sentrale i Arbeidarpartiet. Eit liknande samband finn me på Lindanger i Skjold.

Svært enkelt sagt la haugianarane vekt på det vonde i mennesket, medan kvekarane la vekt på det gode. Kvekarane kom elles i sterk konflikt med styresmaktene fordi dei avviste alle ritual og med det også presten sin autoritet, samstundes som dei var pasifistar og nekta å gjera militærtjeneste.

Det er slik at foreldra sine forteljingar og minne vil påverka barna. Går me ein generasjon lengre tilbake i tid, vil besteforeldra sine levande minne og forteljingar til ei viss grad også kunna førast over på barnebarna. I neste generasjon vil derimot kontakten vera så liten at overføring av levande minne til vanleg ikkje skjer, og då smuldrar den sterkaste påverknaden bort. Men då har det kanskje gått både 75 eller 100 år. Ideane om kva som er moralsk rett, om korleis ting er og bør vera, lever likevel gjerne vidare i miljøet og i fleire slektsledd. Symbolske og lokale verdiar svevar ikkje fritt og lausrive rundt inne i hovuda våre. Slike verdiar har mykje å seia for kva me ser, og korleis me forstår verda ikring oss. Difor er desse verdiane også viktige

for kva me gjer og ikkje gjer, kor me trivst, om me vil koma tilbake til det me flytta frå, og korleis me vil ha det der me ynskjer å bu.

Arbeidsfolk var så nedkua av fattigdom

Ved kommunevalet 1937 sat Bjarne Hervik som einaste representant for Arbeidarpartiet i kommunestyret. Han var då 26 år. Det var mange ting han hadde villa rydda opp i, men han forstod fort at det var budsjettet som styrte, og at det ikkje gjekk utan pengar. Den første tida såg dei helst på han som ein radikal galning, «det var helst slik bygdefolk såg på Arbeidarparti-folka». Bjarne blei likevel god ven med dei gamle konservative i kommunestyret og syntes det var kjekt å få visa at også ein radikal galning kunne ha normalt vit. Den einaste han ikkje kom på godfot med, var Tysvær sin sterke mann på den tida, Knut C. Rønnevik, som greidde å halda Bjarne utanfor det mellombelse kommunestyret etter krigen.

Makadamverket på Borgøy hadde starta våren 1929, og same året prøvde dei å organisera seg. Bedrifta sine reaksjonar på at folk i det heile tenkte på å organisera seg, skremde mange frå å vera med i noka forening. Då dei på ny starta fagforeninga i 1934, heldt dei seg den første tida med ein formann som sjølv ikkje arbeidde der. For ein formann blant arbeidarane ville få sparken. Etter kvart blei det likevel betre betaling og meir ordna arbeidsforhold. Oppslutninga om foreninga skal ha vore nær 100 %, og nå heldt dei foreninga gåande til verket blei lagt ned då krigen kom.

Bjarne fortel at nå kunne fagforeningsfolka «stå og snakka med ingeniøren med opne auge».

Mange av arbeidarane på Makadamverket var småbrukarar som hadde dette som pengeinntekt. Slik fekk dei pengar til å styra med gjelda på garden. Dei torde knapt sjå ingeniøren i augo, fortel Bjarne, «det var vanskeleg å sjå på folk som levde i så små kår, og hadde det så vanskeleg og var så deprimerte at dei nærast hadde hoppa i sjøen om ingeniøren hadde forlanga det... Ein må helst ha sett og opplevd arbeidsfolk så nedkua av fattigdom for å tru dette... dei var redde arbeidsledelsen, og det var nærast som ein skuleklasse som var redd for ein sint lærar». Dette var vanlege folk i samfunnet, dei var uhyre arbeidssame og sleit og kava seg gjennom livet. «Overfor ingeniøren følte dei mindreverdigheit, at dette var ein klok mann som hadde ei forferdeleg makt og kommando over liv og lagnad for dei».

Bjarne nemner Kasper Lønning, som arbeidde på verket. «Han sykla åtte til ni kilometer kvar dag på tresko. Han sykla fram til sundet over til Borgøy og rodde så over. Om kvelden var det same vegen tilbake. Då han kom heim, var det arbeid på småbruket, og om somrane kunne folk sjå han i arbeid så lenge det var lyst. Kom han ti minutt før dei andre på arbeid, sette han seg ned og sov på ein stein».

«Eg er sikker på at me hadde drepe han»

Om morgonen 9.april 1940 hadde Bjarne gått på arbeid utan å høyra på radio. «Eg la merke til at læraren hadde sendt skuleungane heim. Men eg hadde ikkje sjølv ungar som gjekk på skulen, så eg rekna med at læraren var blitt sjuk. Det blei middag, og mens me sat ved middagsbordet, kom det ein nabo med eit underleg uttrykk i ansiktet og kunne fortelja at det var krig, og at Tyskland hadde invadert landet. Han trudde mest heile Noreg var blitt be-

sett. Eg minnest at eg slutta av midt i måltidet».

Bjarne blei mobilisert og skulle 9.april møte opp på nøytralitetsvakt på Sandnes jernbanestasjon. «Men det blei ikkje noko av». I staden samla dei alle som hadde gjort militærtjeneste i Tysværåvåg. Bjarne fekk telefon frå lensmannen om å gjera dette kjent til alle han visste som hadde hatt militærtjeneste etter eit visst årstal. Den gongen hadde han motorsykkel og måtte ta ut gjennom bygda og gi beskjed om at dei det galdt skulle møte i Tysværåvåg same kvelden. Det viste seg at dei skulle ha reist til Etne og slutta seg til den norske styrken der. Før lastebilen med folk fekk køyra, ville lensmannen undersøka om vegen var klar og sende presten i veg for å sjå etter om det til dømes var vegsperringar eller liknande. «Presten var jo like redd som alle andre og tok avskjed med familie og alt og rekna med at han blei skoten av ein tyskar når han kom på mopeden sin». Men han kom velberga tilbake, og i mellomtida hadde det kome forvirrande meldingar om at dei ikkje skulle mobiliserast likevel. «Me reiste heim, alle mann».

Bjarne gir oss ein episode som viser stemninga i desse aprildagane: 10.april var dei «åtte-ti mann som gjekk til fots frå Hervik til Tysværåvåg. Då me kom til Sands-

høgden stod det ein framand bil attmed eit le. Me var så opphissa og så redde at me såg tyskarar og spionar over alt. Me stakk av frå vegen og kraup opp i noko lyng og gøymde oss. Der blei me einige om at dersom det skulle koma einkvan, så tar me ein stein og slår han i hel. Skulle det koma ein mann frå denne bilen og opp gjennom lyngen mot oss – ein kan tenkja seg i eit reint privat ærend

– så hadde me laga ulykke. Dette gjorde me ikkje fordi me var krigarar, men fordi me var redde. På den korte tida hadde det skjedd så mykje av rykte og galehus at me var heilt forvirra. At me hadde kome til å ta livet av denne mannen, er eg sikker på. Han hadde ikkje blitt tatt fordi me skulle slåss for land og folk, men på grunn av rein personleg redsel i oss alle saman. Denne redsla varte for min del ut heile veka og til det begynte å roa seg igjen. Det var ei blanding av redsel og sinne og ei føling av å vera fortapt». Etter kvart forstod folk kva okkupasjonsmakt var for noko, og då gav den indre redsla seg.



Foto: ArbArk.

Under krigen begynte nokre kjenningar frå Stavanger å koma innom Hervik. Desse var kjenningar frå arbeidarrørsla og AUF som nå arbeidde som kurerar. Dei sa at dei hadde ærend til Etne og andre stader. Desse folka trong hus, og aktiviteten kom til å vara heile krigen. «Eg

deltok ikkje direkte i farlege oppdrag, men det var farleg nok å husa kommunistar på farten. Dei som kom her, fekk hus og kunne bu her eit par dagar, men sa aldri kva dei var ute på». Bjarne og venene hans i arbeidarrørsla i Hervik kjende også til Furubotn-gruppa i Valdres-fjella, noko dei fekk vita av Ragnvald Mauritzen, som reiste som kurer nesten heile krigen og i direkte kontakt med Furubotn. Mauritzen var ein mann dei stolte fullt og heilt på. Seinare i krigen kom det derimot ei dame frå Haugesund som arbeidde for Gestapo og spurte etter forskjellige ting. Telefonstyrarane i Tysvær hadde då eit nettverk som varsla når denne Gestapo-bilen nærma seg. Denne dama blei etter krigen dømd for sitt samarbeid med Gestapo.

Bjarne hadde ein kamerat, Osmund Langeland, som han kjende frå Vormedal AUF og som seinare flytte til Strand. Osmund tok imot hemmelege aviser, og hadde avtala med Bjarne at han skulle få nokre aviser til å lesa og spreia. Osmund hadde ei slyenot bak på sykkelen som skjul for avisene. Ein laurdag kom han, og hadde også med seg kona og ein liten unge. «Medan me stod der ved løa, kom det plutselig ein bil svingande opp og ut kom nazi-lensmann Hay Hoel og spurte etter ein Osmund Langeland. Osmund svara kven han var, og lensmannen ville ha han med seg til Haugesund for å få nokre ord med han. Han var høfleg, så det var ein fin arrestasjon. Heldigvis hadde han sett sykkelen innforbi muren i den gamle løa. Ja, Osmund svara at han blei vel nøgd å bli med. Men eg sa at han hadde sykla så langt at han trong litt mat før han drog igjen. Me finn ikkje på noko tull og prøver å stikka av. Osmund lova også dette. Dei gjekk for å eta, og då nytta eg høvet til å ta avisrullen bak på sykkelen og gøyma han under nokre takpanner». Osmund blei først køyrd til

Haugesund og sidan transportert vidare til Stavanger.

Bjarne heldt kontakten med desse folka også etter krigen. I 1945 blei han invitert til Peder Furubotn sin kommunistiske partiskule i Oslo og var der nokre veker. For Bjarne var dette «berikande, sjølv om eg seinare forstod at dei forelesningane som blei heldne der, ikkje stemde med forholda elles, verken når det galdt norsk lynne, politikk eller framtida for Noreg. Det var ting eg blei klar over på den partiskulen». Den første tida etter krigen var det mykje sympati for kommunismen, men den forsvann snart som dogg for sola. Det blei også stifta eit kommunistisk partilag i Tysvær, men folk frå Hervik var ikkje med der. Kanskje bortsett frå naboen Tormod Heskja.

Inn i Småbrukarlaget

Han trur det var i 1946 han gjekk inn i Småbrukarlaget, då det blei danna slike lag i kvar skulekrins i Tysvær. Bondelaget var derimot veldig svakt på den tida. Småbrukarlaget i Tysvær blei først oppretta i 1935–36. Bakgrunnen for å danna småbrukarlag i Tysvær var at mange Venstre-folk i Tysvær reagerte på samrøret mellom Bondelaget og Bondepartiet og gjekk difor ut av Bondelaget. Dei som stod i spissen for det, var dei som den gongen var dei fremste folka i kommunen, som Knut C. Rønnevik, Ånen Susort og Andreas Høyvik. I 1946 tok Rønnevik også over som formann for Småbrukarlaget i Rogaland, men seinare blei Ånen Susort fylkesformann.

Då det blei danna småbrukarlag i Hervik i 1947, nekta Bjarne å vera med i styret, for han ville ikkje at Småbrukarlaget skulle bli skulda for å vera eit underbruk av Arbeidarpartiet. Han ville berre stå som vanleg medlem. I

1948 kom ein sekretær for Bondelaget til Tysvær og arbeidde for overgang til dette laget, der han argumenterte med at Småbrukarlaget var det same som Arbeidarpartiet, og «om du ikkje var AP-mann så burde du ikkje stå som medlem der». Småbrukarlaget i Tysvær fekk då eit alvorleg sjokk og blei nærast nedlagt. Så møttest dei i Tysværåvåg, og der blei dei samde om å slå saman alle småbrukarlaga og starta på nytt med eit lag for heile Tysvær. Dette var i 1951 eller 1952. På det meste hadde dei då 60 medlemmer, medan Bondelaget låg på 100. Dei to organisasjonane samarbeidde godt med kvarandre lokalt.

Bjarne blei oppmoda av Ånen Susort om å ta på seg fylkesformannsjobben. Dette sa han ja til, han prøvde å gjenreisa organisasjonen etter at den var blitt så mykje svekka dei siste åra. Slik blei han den tredje fylkesformannen etter kvarandre frå Tysvær. Bjarne blei også vald inn i landsstyret i 1957, og var med i styret i seks år før han blei formann. Han blei verande formann i Norsk Bonde- og Småbrukarlag i 11 år, frå 1964 til 1974.

Småbrukarlaget sleit etter krigen med forholdet sitt til Arbeidarpartiet. På den eine sida ynskte mange eit nært forhold til partiet, slik at dei kunne påverka. Arbeidarpartiet stod også for ein politikk for å få større einingar og bruk, noko som i praksis ramma mange av Småbrukarlaget sine eigne medlemmer, som i stor grad sjølv hadde små bruk. Dette ser likevel ikkje ut til å ha bekymra Småbrukarlaget altfor mykje. Samstundes var mange medlemmer misnøgde med denne tilknyttinga til regjeringspartiet, og Bondelaget brukte det som argument mot Småbrukarlaget. Bondelaget stod også for ei meir aksjonsretta linje i forhold til staten enn det Småbrukarlaget

gjorde, noko som igjen gjorde at mange medlemmer følte seg i skvis mellom eigne interesser og laget sitt samarbeid med Arbeidarpartiet.

Småbrukarlaget miste mange medlemmer alt frå 1947, ikkje minst på Vestlandet. Unntaket var Rogaland, der Bjarne overtok som fylkesleiar i 1952. Han skreiv til landslaget og sa at «ein lyt ta eit krafttak for å freista få organisasjonen utbygd her». Fylkeslaget tidobla så medlemstalet i løpet av ein periode på 10 år, noko Bjarne har ein stor del av æra for.

Ein del av medlemene og medlemsgrunnlaget for Småbrukarlaget blei rasjonalisert bort ved at dei enten slutta heilt med jordbruk, eller småbruket blei drive som att-åtnæring. Mange oppfatta at leiinga var altfor passiv. Det var truleg stadig færre som oppfatta Småbrukarlaget som eit tenleg instrument for å fremma sine interesser. Laget greidde heller ikkje skapa seg handlingsrom mellom Arbeidarparti og regjering på den eine sida og Bondelaget på den andre. Først blei dei oppfatta som eit vedheng til regjeringa, etterpå som eit vedheng til Bondelaget. Når laget stod for samarbeid med regjeringa, blei dei skulda for å svikta bøndene sine interesser. Når dei spelte på samarbeid med Bondelaget, var det vanskeleg å sjå forskjell på dei to organisasjonane.

Utover på 1950-talet blei Småbrukarlaget og Bondelaget nokså samkjørte i forhold til staten. Då var det mange i Småbrukarlaget som meinte at Bjarne Hervik gjekk altfor godt saman med formannen i Bondelaget, Jan Mellbye. I 1963 innrømte Bjarne, som då var påtroppande formann i Småbrukarlaget, at Småbrukarlaget ikkje hadde makta å

føra fram spesielle småbrukarkrav på ein effektiv måte. «Men la oss her huske på at Bondelaget på alle måter er så mye sterkere enn vi». Det var slett ikkje enkelt å få forståing for småbrukarkrava. «Vi er nærmest en innfødt rase, som bør utryddes så fort som mulig».

Bjarne har sjølv alltid opplevd det som vanskeleg å forklara forskjellen mellom Småbrukarlaget og Bondelaget, men han meiner Småbrukarlaget var mest opptatt av å ivareta småbrukarane og dei med dei minste gardane. Småbrukarlaget ville ha meir direkte tilskot til det enskilde bruket, medan Bondelaget ville ha meir på prisane – slik at dei største fekk meir. Bjarne heldt på Småbrukarlaget fordi dei hadde den mest sosiale og rettferdige profilen.

Laget hadde 7000 til 8000 medlemmer i 1965. I 1970 var dette talet halvert og var nede i 2000 i 1973. På denne tida gav laget sjølv opp at det hadde 10 000 medlemmer, medan dei som trudde dei hadde greie på det, meinte det var 6000 til 7000.

Bjarne meiner sjølv at årsaka til at Småbrukarlaget gjekk så mykje tilbake på landsplan, var ein dårleg organisasjon, låg kontingent og sentral styring frå Oslo. Organisasjonen sleit med at alt var for lite. Det var vanskeleg å få annonsørar til det vesle bladet dei hadde, og dei måtte lyga om opplagstalet for å få annonsørar. Dei miste etter kvart mange medlemmer, og til slutt hadde dei så få at det var godt styremaktene ikkje visste talet, for då trur han dei kunne ha mista retten til å delta i jordbruksforhandlingane.

Alltid engasjert

Bjarne var svært aktiv under EF-avrøystinga i 1972. Han fortel at han var alle vegar, frå Troms til Lindesnes, og arbeidde mot medlemskap. 1971 og 1972 var faktisk dei hardaste åra han hadde, fortel han.

Han gjekk litt inn og ut av kommunepolitikken i Tysvær, men var med i formannskapet under kommunesamanslåinga i 1965 og er ein av fleire som har fått æra for å ha foreslått Aksdal som kommunesenter. I protokollane står det ingenting om kven som kom med forslag, men det ser ut som at fleire tenkte i same banar og blei einige på kammerset.

Bjarne møtte også på Stortinget, som vararepresentant i sju dagar. Han stod då på sjetteplass på Arbeidarpartiet si liste.

Han var aktiv og engasjert for brorskap, likskap og rettferd så lenge han levde. Meinigane hans var klare, men han gjekk fram på ein måte som gjorde at han blei både likt og respektert.

Bjarne Hervik døyde i 1996.